

BIBELTEKSTAR

VIGSEL I DEN NORSKE KYRKJA

Forslag frå prestane i Time



L Lat oss vidare høyra frå Guds ord.

2-4 av dei følgjande tekstane eller andre høvelege skriftlesingar, minst éi frå kvart av dei to testamenta.

Skriftlesingane kan lesast av medlemmer av bryllaupsføljet.

Dei som skal lesa, går samla fram til lesepulten.

Brudepar og kyrkjelyd sit under lesinga.

Det Gamle Testamentet

Det står skrive i Salmane, Salme 23:

Herren er min hyrding,
eg manglar ikkje noko.

Han lèt meg liggja i grøne enger,
han fører meg til vatn der eg finn kvile.
Han gjev meg nytt liv.
Han leier meg på rettferds stigar
for sitt namn skuld.

Om eg så går i dødsskuggens dal,
er eg ikkje redd for noko vondt.
For du er med meg.
Din kjepp og din stav,
dei trøystar meg.

Du dukar bord for meg
framfor mine fiendar.
Du salvar mitt hovud med olje.
Mitt beger renn over.

Berre godleik og miskunn
skal følgja meg alle mine dagar,
og eg skal bu i Herrens hus
gjennom alle tider.

Salme 23, 1-6



Det står skrive i Høgsongen, i kapittel 8:

Set meg som eit segl på hjartet ditt,
eit stempel på armen din!
For kjærleiken er sterk som døden,
lidenskapen ubøyeleg som dødsriket.
Han brenn som logande eld, ein HERRENS loge.
Veldige vatn sløkkjer ikkje kjærleiken,
elvar skyl han ikkje bort.

Høgsongen 8,6-7a

Det står skrive i Ruts bok i det 1.kapittel:

Der du går, vil eg gå,
og der du bur, vil eg bu.
Ditt folk er mitt folk,
og din Gud er min Gud.
Der du døyr, vil eg døy,
og der vil eg bli gravlagd.

Ruts bok 1, 16b-17a

Det står skrive i Forkynneren , i kapittel 4:

Det er betre å vera to enn éin,
dei får god løn for sitt strev.

For om dei fell, kan den eine
hjelpa den andre opp.
Men stakkars den som er åleine!
Når han fell, er det ingen
som kan reisa han opp.

Om éin blir overvunnen,
kan to halda stand.
Ein tretvinna tråd
slitnar ikkje så fort.



Forkynneren 4, 9-10 og 12

Det Nye testamentet

Det står skrive hjå evangelisten Matteus i det kapittel 6:

Difor seier eg dykk:

Ver ikkje urolege for livet, kva de skal eta, og kva de skal drikka, eller for kroppen, kva de skal kle dykk med. Er ikkje livet meir enn maten og kroppen meir enn kleda?

Sjå på fuglane under himmelen! Ikkje sår dei, ikkje haustar dei, og ikkje samlar dei i hus, men Far dykkar i himmelen før dei likevel. Er ikkje de mykje meir enn dei?


Kven av dykk kan med all si uro leggja ei einaste alen til livslengda si? Og kvifor er de urolege for kleda? Sjå liljene på marka, korleis dei veks! Dei strevar ikkje og spinn ikkje, men eg seier dykk: Ikkje eingong Salomo i all sin herlegdom var kledd som ei av dei.

Når Gud kler graset så fint, det som veks på marka i dag og blir kasta i omnen i morgon, kor mykje meir skal han ikkje då kle dykk – de lite truande!

Difor må de ikkje vera urolege og seia: ‘Kva skal vi eta?’ eller: ‘Kva skal vi drikka?’ eller: ‘Kva skal vi kle oss med?’ For alt dette er heidningane opptekne av. Men Far dykkar i himmelen veit at de treng alt dette.

Søk først Guds rike og hans rettferd, så skal de få alt det andre i tillegg. Ver difor ikkje urolege for morgondagen; morgondagen skal uroa seg for sitt. Kvar dag har nok med si møde.

Matt 6,25-34



Det står skrive hjå evangelisten Matteus i det 7. kapittel:

Be, så skal de få. Leit, så skal de finna. Bank på, så skal det latast opp for dykk. For kvar den som bed, han får; og den som leitar, han finn, og den som bankar på, skal det latast opp for.

Den gylne regelen

Alt de vil at andre skal gjera mot dykk, skal de òg gjera mot dei. For det er dette lova og profetane seier.

Matt 7,7-8 og 12

Det står skrive hjå evangelisten Matteus i det 7. kapittel:

Den som høyrer desse orda mine og gjer det dei seier, liknar ein klok mann som bygde huset sitt på fjell. Regnet silte, elvane fløynde, og vindane bles og slo mot huset. Men det fall ikkje, for det var tufta på fjell.

Matt 7,24-25

Det står skrive i Paulus' fyrste brev til kyrkjelyden i Korint i det 13. kapittel:

Kjærleiken er tolmodig, kjærleiken er velvillig,
misunner ikkje, skryter ikkje, er ikkje hovmodig.
Kjærleiken krenkjer ikkje, søkjer ikkje sitt eige,
er ikkje oppfarande, gøymer ikkje på det vonde.

Han gleder seg ikkje ved urett,
men gleder seg ved sanninga.

Alt held han ut, alt trur han, alt vonar han, alt toler han.

Kjærleiken tek aldri slutt.

Så blir dei verande desse tre: tru, von og kjærleik.

Og størst av dei er kjærleiken.

1 Kor 13, 4-8a og 13

Det står skrive i Paulus' brev til kyrkjelyden i Filippi i det 2. kapittel:

Om det no er trøyst i Kristus, glød i kjærleiken, fellesskap i Anden, om det finst medkjensle og miskunn så gjer mi glede fullkomen:

Ha same sinnelaget og same kjærleiken, ver eitt i sjel og sinn. Gjer ikkje noko av sjølvhevding eller lyst til tom ære, men ver audmjuke og set dei andre høgare enn dykk sjølve. Tenk ikkje berre på dykkar eige beste, men òg på det som er godt for dei andre. Lat det same sinnelaget vera i dykk som òg var i Kristus Jesus!

Fil 2,1-5


Det står skrive i Paulus' brev til kyrkjelyden i Filippi i det 4. kapittel:

Gled dykk alltid i Herren! Endå ein gong vil eg seia: Gled dykk! Lat alle menneske få kjenna kor godhjarta de er. Herren er nær.

Ver ikkje urolege for noko! Men legg alt de har på hjartet, fram for Gud i bøn og påkalling med takkseiing. Og Guds fred, som går over all forstand, skal vara dykkar hjarte og tankar i Kristus Jesus.

Til slutt, sysken: Alt som er sant, og alt som er ære verdt, alt som er rett, og alt som er reint, alt som er verdt å elska, og alt som er verdt å akta, ja, alt som er til glede og alt som fortener ros, legg vinn på det!

Fil 4,4-8



Det står skrive i Paulus' brev til kyrkjelyden i Kolossæ i det 3. kapittel:

Kled dykk difor i inderleg medkjensle og ver gode, milde, audmjuke og tolmodige, så de ber over med kvarandre og tilgjev kvarandre om den eine har noko å klaga den andre for.

Som Herren har tilgjeve dykk, skal de tilgje kvarandre. Og over alt dette: Kled dykk i kjærleik, det bandet som bind saman og gjer fullkomen.

Kol 3,12b-14

Det står skrive i Johannes' fyrste brev i det 4. kapittel:

Mine kjære, lat oss elska kvarandre,
for kjærleiken er frå Gud,
og kvar den som elsker, er fødd av Gud
og kjenner Gud.

Den som ikkje elsker, har aldri kjent Gud,
for Gud er kjærleik.
I dette vart Guds kjærleik openberra mellom oss,
at han sende sin einborne Son til verda
så vi skulle ha liv ved han.

Ja, dette er kjærleiken, ikkje at vi har elska Gud,
men at han har elska oss
og sendt sin eigen Son til soning for syndene våre.

Mine kjære, har Gud elska oss så, då skyldar òg vi å elska kvarandre.
Ingen har nokon gong sett Gud,
men dersom vi elsker kvarandre, blir Gud verande i oss,
og hans kjærleik har vorte fullenda i oss.

1 Joh 4,7-12

